

Ordensreglar for Voss Folkehøgskule

Gjeldande frå 01.08.2018

Vedteke i styret 8. juni 2016. Endra i styret 16. april 2018.

§ 1 Føremålet til ordensreglane

Voss Folkehøgskule vil skape eit trygt og inkluderande miljø der utvikling av individet *og* det deltakande menneske står i fokus. Respekt for den enkelte *og* ansvar for fellesskapet gjennom medverknad og medansvar er eit mål.

Tillit og respekt, krav og utfordringar skal fremme utvikling og meistring, kritisk tenking og etisk handling og bidra til danning og livslyst hos kvar enkelt.

Fridomen og integriteten til den enkelte skal ikkje krenkast i ord eller handling.

§ 2 Verkeområdet til ordensreglane

Ordensreglane gjeld for alle som har status som elev ved Voss Folkehøgskule (Voss FHS).

Ordensreglane gjeld på området til skulen med mindre anna er avtalt, og dei gjeld for alle arrangement i regi av folkehøgskulen, det siste uavhengig av tid og stad.

Elevar som har gjester på skoleområdet er ansvarlege for å informere gjestene sine om ordensreglane til skulen og aktivt medverke til at gjesten følger desse under besøket.

§ 3 Deltaking i skuleopplegget

Som elev ved Voss FHS er eleven forplikta til å møte presis, delta aktivt og bidra i opplegget til skulen, det gjeld undervisning, morgonsamlingar og arrangement.

§ 3.1 Fråvær

Fråvær frå skuleopplegget må avtalast på førehand. Permisjon blir gitt etter søknad. Søknad om permisjon skal leverast på eige skjema til linelærer/faglærer minimum to dagar før permisjonen skal avviklast.

Eigenmelding ved sjukdom blir akseptert ved fråvær på inntil tre dagar inntil fire gonger under skuleåret. Sjukefråvær utover dette må dokumenterast med legeerklæring som skal leverast til internatleiar så raskt som mogleg.

Sjukefråvær skal meldast til faglærer før morgonsamling den dagen eleven er sjuk pr. telefon/sms/anna, eller dersom dette ikkje fører fram, skal det meldast til internatleiar pr telefon/sms. Dersom melding ikkje blir mottatt av lærar/internatleiar innan fastsett tid blir fråværet rekna som ikkje gyldig fråvær dersom ikkje den sjuke har vore forhindra frå å melde ifrå.

Lærar kan etter eigen vurdering påleggje elevar å tre ifrå undervisning, noko som også kan føre til registrert fråvær.

§ 3.2 For seint oppmøte

Elevar som utan avtale kjem for seint til en undervisningstime vil bli registrert med ikkje gyldig fråvær for heile timen. Fråvær og forseintkomming til morgonsamling fører til registrert fråvær på 1 time.

§ 3.3 Endra undervisningsopplegg

Ved disiplinærsaker kan ordinær undervisning gå ut. Undervisninga som går ut på grunn av disiplinærsaker blir ikkje erstatta.

Ved større disiplinærsaker eller når skulen av andre årsaker har behov for å samle alle elevane, kan ordinær undervisning bli erstatta av fellestid der den aktuelle problemstillinga blir behandla. I slike tilfelle vil ordinær undervisning ikkje bli erstatta.

§ 3.4 Mobiltelefon

Mobiltelefon kan vere eit godt verktøy i pedagogisk bruk. Dersom mobiltelefon ikkje skal nyttast i undervisninga, skal den leggast til side slik at bruk av mobiltelefon ikkje uroar undervisninga.

§ 4 Husreglar

§ 4.1 Rettigheter i internatet

Elevane på skulen har rett til å bu i skuleinternatet under skuleopphaldet så lenge ordensreglement til skulen blir følgd. I feriar er skulen og internatet stengt.

Rektor, eller den rektor har gitt mynde, har til ei kvar tid rett til å gå inn på elevrom. Ved undersøking av elevrom pga mistanke om bruk/oppbevaring av rusmidlar eller utflytting av eigendelar til ein elev skal det være to tilsette til stades om mogleg.

Skulen avgjer korleis internata og dei enkelte elevromma skal møblerast.

§ 4.2 Stilletider

Frå kl. 23.00 skal det vere stille slik at det går an å sove i internata.

§ 4.3 Reinhold og ryddigheit

Det skal til ei kvar tid vera ryddig og reint i internata. Alle elevar pliktar å delta kvar veke i reinhold av eigne rom og fellesareal etter instruks frå internatleiar.

§ 4.4 Falsk utløyning av manuell brannmeldar

Falsk utløyning av manuell brannmeldar er forbode og brot på norsk straffelov. Dersom brann- og/eller politivesen rykkjer ut etter ein falsk alarm, vil den som har utløyst alarman bli halden ansvarleg. Dersom skulen blir pålagt gebyr for utrykkinga, vil den som har utløyst alarman bli halden ansvarleg for å dekke gebyrkostnaden. Det kan i tillegg bli reist disiplinærsak.

§ 4.5 Våpen

Bruk eller oppbevaring av våpen eller farlege gjenstandar er til vanleg ikkje tillate på skulen. Bruk av våpen eller farlege gjenstandar kan berre skje i undervisningssamanheng der ansvarleg lærar er til stades.

Oppbevaring av våpen kan berre skje etter avtale med skulen. Våpenet skal da låsast inn i våpenskapet til skulen. Det kan hentast ut etter avtale med faglærar.

Våpenlova definerer *våpen*. Eventuelle unntak skal vedtakast av lærarråd etter vurdering av linjelærar.

§ 4.6 Integritet

Fridomen og integriteten til den enkelte skal ikkje krenkast i ord eller handling, det gjeld både for elevar eller tilsette ved skulen.

Ingen skal spreie bilde-/film-/lydopptak av elevar eller tilsette ved skulen utan deira samtykke.

§ 5 Rusmidlar og røyking

§ 5.1 Røyking

På skuleområdet er det forbode å røyke innandørs og utandørs bortsett frå på tilvist plass. Som innandørs blir rekna både fellesbygg og internat.

Det er ikkje lov til å bruke eller oppbevare elektroniske sigarettar på skulen sitt område.

§ 5.2 Alkohol

Det er forbode å drikke, oppbevare eller vere påverka av alkohol på skuleområdet, på arrangement i regi av skulen eller ved representasjon på vegne av skulen.

Dersom det er mistanke om at ein elev er påverka av alkohol, kan skulen krevje at eleven tar alkometer-test. Dersom eleven nektar å avleggje testen, blir prøva rekna som positiv. Målt alkoholverdi over 0,0 ‰ blir vurdert som positivt testresultat.

Som unntak kan elevar bruke alkohol utanfor skuleområdet på dagar der det dagen etter ikkje er undervisning/aktivitetar/arrangement i skuleregi. Då kan dei likevel kome tilbake til skulen under den føresetnaden at dei går rett til eigne rom utan å sjenere medelevar eller tilsette. Opphald på annan stad enn eigne rom blir sett på som brot på reglane i første avsnitt i denne paragrafen. Dette unntaket gjeld berre for bruk av alkohol utanfor skuleområdet og skal ikkje bryte med normal oppfatning av kva som er god og omsynsfull åtferd. Ved tvil avgjer rektor kva som er akseptabel åtferd.

Merk: Det er ikkje høve til å nyte alkohol på dagar der det vert arrangert elevkveld.

§ 5.3 Narkotiske stoff og dopingmidlar

Ei kvar bruk og oppbevaring av narkotiske stoff eller dopingmidlar er forbode så lenge eleven har status som elev ved skulen. Dette gjelder også i skuleferiane.

Ved mistanke om bruk av narkotiske stoff kan skulen krevje at det blir avlagt prøve. Resultatet av ein slik test skal bli gjort kjent for skuleleiinga direkte frå laboratorium/lege/helsesøster etc. Dersom eleven nektar å avleggje test, vil testen bli rekna som positiv.

§ 5.4 Medansvar

Elevar som deltar i aktivitetar der det blir oppbevart/brukt rusmidlar har medansvar for bruk/oppbevaring. Brot på ordensreglementet ved oppbevaring/bruk av rusmidlar rammar alle elevar som er til stades der rusmidlar blir brukt eller er synleg oppbevart.

§ 6 Fullmakter

§ 6.1 Faglærars fullmakter

Faglærer har fullmakt til å gje fråvær for heile timen til alle elevar som ikkje er til stades når timen begynner.

Faglærer har også fullmakt til å stenge døra til klasserommet når timen begynner.

Faglærer har fullmakt til å stengje ute elevar frå undervisningstimar og arrangement dersom elevane gjennom fråvær, manglande førebuingar, deltaking/innsats eller åtferd elles hindrar, forstyrrar eller gjer undervisninga vanskeleg.

Utestenging frå undervisning eller arrangement skal rapporterast til rektor/assisterande rektor og blir rekna som fråvær.

§ 6.2 Fullmakter til rektor/assisterende rektor

Rektor, eller den som er i rektors stad, har fullmakt til å godkjenne utestenging frå undervisning, aktivitetar og arrangement fatta av faglærer, utan at saka blir opp i disiplinærutvalet.

Rektor, eller den som er i rektors stad, har fullmakt til å gje elevar disiplinærstraff på skoleturar eller i andre situasjonar der disiplinærrådet ikkje kan samlast straks. Rektor skal i slike saker om mogleg rådføre seg med ein kollega før vedtak blir fatta.

Rektor har fullmakt til å melde straffbare forhold til politiet på vegner av skolen.

§ 6.3 Fullmakter elles

Øvste ansvarlege lærar/tilsett på skuletur kan vise bort eller stenge ute ein elev frå delar av turopplegget dersom eleven opptrer på ein måte som hindrar, forstyrrar eller gjer det vanskeleg å gjennomføre opplegget på turen.

§ 7 Saksbehandling

§ 7.1 Disiplinærutval

Disiplinærutvalet tek avgjerd i disiplinærsaker som går utover rektors og faglærars fullmakter. Disiplinærutvalet behandlar alle disiplinærsaker som enkeltvedtak etter Forvaltningslova. Utvalet avgjør skyldspørsmål og fastset eventuelt reaksjon/disiplinærstraff i samsvar med skolereglementet. Reglementet blir fastsett av styret (vedteke 8. juni 2016 og endra 16. april 2018).

Eleven har rett til å ha med seg ein person under forklaringa si for Disiplinærutvalet. Disiplinærutvalet ved Voss FHS er rektor og to lærarar, eventuelt ass.rektor og to lærarar. Rektor skal, ved fråvær frå skulen, rådførast før det blir gjort vedtak.

Alle vedtak som blir fatta av Disiplinærutvalet er å sjå på som enkeltvedtak i etter Forvaltningslova og skal bli gitt skriftleg til eleven. Det skal opplyst i vedtaket at eleven har rett til å klage vedtaket inn for styret innanfor en frist på tre veker/21 dagar.

§ 7.2 Andre disiplinære reaksjonar.

I saker der faglærer har fatta vedtak om utestenging er avgjerda til faglærer suveren.

I saker der rektor har godkjent eller fatta vedtak om disiplinærstraff/utestenging er avgjerda til rektor suveren.

I saker der rektor/faglærer har vedtatt disiplinærstraff utan behandling i disiplinærrådet er Disiplinærutvalet klageinstans.

§ 7.3 Klagebehandling

Vedtak i Disiplinærutvalet skal overleverast eleven skriftleg og innehalde informasjon om retten til å klage på vedtaket innan tre veker/21 dagar frå vedtaket blir gjort kjent for den det gjeld.

Styret for skulen er klageinstans for vedtak gjort av Disiplinærutvalet i etter Lov om folkehøgskular. Styret behandlar alle klagar som enkeltvedtak etter Forvaltningslova. Klager blir behandla fritt etter innstilling frå Disiplinærutvalet. Klagebehandlinga i styret skal særleg vurdere:

- 1) om det er gjort/påvist saksbehandlingsfeil,
- 2) om forståinga og bruken av skulereglement er i tråd med intensjonane,
- 3) om vesentleg ny informasjon har kome fram som tilseier at saka bør vurderast på nytt

§ 8 Reaksjonar ved brot på ordensreglar

§ 8.1 Disiplinære reaksjonar

Ikkje gyldig fråvær, jf. § 3.1, kan medføre munnleg eller skriftleg åtvaring og utestenging frå undervisning eller andre arrangement. Ikkje gyldig fråvær utover 5% av dei til ei kvar tid gjennomførte undervisningstimar, kan føre til permanent utvisning/tap av skoleplass.

Brot på ordensreglane § 5.1, 5.2 og § 5.4 kan medføre munnleg eller skriftleg åtvaring/utestenging frå undervisning eller andre arrangement, mellombels bortvising frå skulen eller permanent utvisning/tap av skoleplass ved første brot.

Brot på ordensreglane § 5.3 vil medføre permanent utvisning/tap av skuleplassen ved første brot. Under særlege forhold kan disiplinærutvalet vurdere om eleven skal bli gitt ein siste sjanse under føresetnad av ein avtale om oppfølging resten av skuleåret.

Dersom det er brot på ordensreglane § 5.2, 5.3 eller 5.4 under reise/turopplegg i regi av folkehøgskulen, og det blir avgjort at eleven skal bortvisast frå turen, er eleven sjølv ansvarleg for heimtransport, praktisk og økonomisk.

Ved vedtak frå disiplinærrådet om mellombels bortvising må eleven forlate skuleområdet og vere borte i hele bortvisningstida. Dette gjeld så vel skulebygningar og internat som parkeringsplassar og friområde.

Brot på ordensreglane § 4 kan føre til at eleven taper retten til å bu i skuleinternatet.

§ 8.2 Konsekvensar av disiplinære reaksjonar/brot

Mellombels bortvising/utestenging frå skulen etter brot på ordensreglane er å rekne som ikkje gyldig fråvær.

Brot på norsk lov, f eks hærverk, utløyising av falsk alarm, oppbevaring/bruk av narkotika, bruk av vald o.l. kan bli meldt til politiet, og vil også vere grunnlag for disiplinærsak. Skadar etter hærverk, utgifter etter utløyising av falsk alarm o.l. må erstattast.

§ 9 Økonomi

Eleven pliktar å betale skulepengar etter oppsett plan frå skulen. Dersom betalingsplanen ikkje blir følgt, vil normalt kravet bli oversendt til inkasso. Unntak frå planen skal vere avtalt skriftleg med skulen.

Mellombels bortvising frå skulen for ein periode medfører ikkje fritak frå betaling av skulepengar.

Dersom eleven blir utvist eller sluttar av andre årsaker, må eleven betale avbrottsgebyr for ti veker, samt andre utgifter som er komne til.

§ 10 Endringar

Voss Folkehøgskule tar atterhald om, til ei kvar tid, å kunne endre det pedagogiske opplegget til skulen, det omfattar endra lærarkrefter og fagsamansetting/tilbod. Slike endringar skal ikkje føre til andre endringar i forholdet mellom skulen og eleven.

Styret for Voss Folkehøgskule 8. juni 2016, 16. april 2018. Gjeldande frå 01.08.2018.